Distriktskappleiken for vanleg fele i Surnadal

I dagane 18. og 19. august blei den årvisse distriktskappleiken for vanleg fele avvikla i Surnadal på Nord-Møre. Kappleiken var godt førebudd til tilrettelagt, og arrangørane hadde lagt mykje vinn på å få ei festleg ramme rundt sjølve tevlingane. Dette greidde dei da óg, det let fele på alle rom og i alle etasjar på Nordmøre Folkehøgskule, der alle tilskipingane vart haldne og dei fleste tilreisande budde. Rundt skulen merka ein heller lite til stemnet, og oppslutnaden frå sjølve Surnadal var nok noko mangelfull, særleg var det lite ungdom å sjå. Dei fleste var tilreisande, men det forhindra ikkje at salen var fullsett under tilskipingane, og tevlarane var på trass av ein del fråfall mange i talet.

Arrangørane kom vel frå oppgåva si, og Leiv Lægreid, eldsjela i Nord-Møre spelemannslag, leidde stemnet vel i hamn. Han var ein sakleg og kjapp konferansier. Det var elles ikkje vant om å høyre mykje godt spel, mykje jamgodt spel, får ein seia. Særleg var A-klassa jamn, og her vart det nesten berre førstepremiar. Ingen skilde seg ut som klår vinnar, så domarane hadde inga lett oppgåve. Etter ei lengre samtale kom dei fram til ei resultatliste, der Hans W. Brimi sto øvst på lista. Brimi var tydelegvis ein populær gjest, folk sette pris både på spelet hans og på at han framleis er like aktiv som spelemann. Koseleg var det å sjå ein nordmøring på andreplass, Jon Røen frå Surnadal delte med Amund Bjørgen. Harald Gullikstad frå Glåmos sto høgst i klasse B. Imponerande var det å høyre gamlekarane, der Peder Nyhus og Johs. Langøygard vann kvar si klasse. I klasse C var det berre ein deltakar, men han viste store evner som spelemann.

Laurdagskvelden var det festkveld med mange fine innslag, bl.a. spel av Sven Nyhus og eit svensk spelemannslag frå Jamtland, visesong osb.

I det heile var det eit fint stemne med bra oppslutnad av publikum og spelemenn. Moro var det å høyre alt det gode spelet, men etter å ha høyrt tallause springleikar og polsar frå ulike distrikt i to dagar, så må ein stille seg spørsmålet: Kor i all verda blir det av dansen? Er ikkje det folkekultur på line med felespelet? Eg er redd ei slik einsidig dyrking av felemusikken som konsertmusikk ikkje er særleg livskraftig over lengre tid. Dansen vil tvillaust aktivisere meir ungdom, så miljøet blir meir naturleg. Det verkar litt kunstig når spelemennene i to dagar kjem fram på scenen og spelar dansemusikk for mikrofonar, dommarar og publikum. Det er ikkje rette situasjonen for slik musikk.

Dommarane var Ola Opheim, Vågå, Nils Hestnes, Vestnes og Rolf Nyhus, Røros.

2. pr.: Ingrid Ølnes, Sogndal. Vossarudl. 76. Ellen Vabø og Olav Bjotveit, Bergen. Vestl.spr. 75. Ellen Vabø og Olav Bjotveit, Bergen. Vossarudl. 75. Gunnbjørg Skålevik og Arvid Vedå, Bergen. Pols 74. Steinar Drøsdal, Bergen. Halling 73. Ingrid Ølnes, Sogndal. Vestl.spr. 72. Jostein Mæland, Voss. Vossarudl 68.

Dans kl. B.

1. pr.: Bjørg og Søren Støyva, Breim. Gamalt frå Breim 81. Kari og Olav Vethe, Bulken. Vossarudl 79. Kari Juklestad og Egil Svidal, Jølst. Sølstrandspringar 79. Jofred Reiakvam m/fylgje, Naustdal. Sunnfjordspringar 79. Knut Blikkberg, Voss, Halling 78.

2. pr.: Lillian og Per Ø. Tveiten, Bergen. Kvammspringar 75. Olav Vethe, Bulken. Halling 75. Ragnhild og Atle Mildestveit, Bg. Fanaspringar 75. Marit Moldestad og Bjørn Fløtre, Br. Gamalt frå Breim 74. Anne Tømmerås og Edvin Flåm, Bergen. Vossarull 72. Svanhild og Erling Holmås, Lindås. Vestlandsspringar 72. Kari Juklestad og Egil Svidal, Jølst. Vossarull 69. Kari og Olav Vethe, Bulken. Vestlandsspringar 67. Brita og Sjur Gjerde, Jostedal, Jostedalsspringar 67. Anne Tømmerås og Edvin Flåm, Bergen. Vestlandsspringar 67.

3. pr.: Lillian og Per Ø. Tveiten, Bergen, Vossarull 65.

Dans kl. C.

Synneva Bongom m/fylgje, Bergen. Vestlandsspringar 71. 2. pr.

Vandrepokal

til beste dansar: Kari Juklestad, Jølster.

Pokal til beste lausdansar: Knut Blikkenberg, Voss.

Vinnar i tevlinga om beste lyarslåttspel: Finn Vabø, Bergen.

1. pr.: Hans W. Brimi, Garmo 272 poeng. John Røen, Surnadal 271. Amund Bjørgen, Garmo 271. Bjørn Odde, Garmo 270. Kristen Fyrun, 266, Knut Kjøk, Garmo 260. Ivar Schølberg, Vågåmo 260. Sverre Bjørkås, Oppdal 251. Ingrid Risbakken, Hamar 248. Kollbjørn Halse, Ålvundeid 247.

2. pr.: Ellef Hjellbakk, Stranda 234 p. Einar Turtum, Lom 229. Anders Gjendem, Molde 207.

Hans W. Brimi, vinnar av klasse A.